

# † KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 3 SOMMAR 2008

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no  
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

**Prestane:**

Sokneprest Johannes Melve, Haus  
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21  
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

**Kyrklegr fellesråd:**

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424  
Nestleiar: Anne Mari Persen  
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,  
Frode Johnsen, Johannes Melve,  
Wenche Fiskeseth

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Oddmund Vevle  
Hosanger: Katja Litland  
Hamre: Tove Klepsvik  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Johannes Melve

**Kyrkjeheising redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24  
E-mail: kristofferfo@gmail.com  
Johannes Melve, Elna Mjelstad, Øyvind Vevle  
Layout: Oda Karoline Foldøy



**Denne fine dagen** har Maria teke med Jesus og Johannes ut på landet. På forsida ser vi byen i bakgrunnen oppe på ein liten høgde. Dei to borna er i slekt, så det er ikkje så rart at dei leikar saman. Vi kjenner att døyparen Johannes på den vesle kamelhårskappa kunstnaren har kledd gutungen i. Krossen er også med, som ein leike å sjå til, men samstundes eit varsel om kva lagnad som ventar. Krossstaven er døyparen Johannes sitt symbol, han som døypte Jesus og slik innvia han til det som skulle koma.

Biletet er laga omlag 1505 av Rafael Sanzio. Kunstnaren var berre 22 år gamal den gongen, men alt ein røynd og kjend målar. Vi ser Maria i si himmelblå kappe. Ho er ikkje lenger framstilt berre som eit religiøst symbol, men som ei vakker kvinne. Dette var renessansekunsten sitt opprør mot tidlegare tradisjon. Maria er kledd i ein kjole frå målaren si samtid, ho har også moterett 1500-tals bleika hår laga til i ein fin frisyre. Landskapet ho set i er italiensk, til liks med byen i bakgrunnen som ser ut som ein landsby frå området der biletet vart laga.

Maria har med seg ei bok ut på tur, for det var tradisjon å visa at Jesu mor var ei lærde kvinne. Ho er lett kledd, den nakne foten stikk fram under kjolen. Det er vanskeleg for oss i dag å forstå kor stor merksemd ein slik detalj fekk i si samtid. Maria framstod som ei moderne italiensk kvinne for dei som såg biletet på 1500 – talet. Dette var eit provoserande brot med dei tilknappa ikon-liknande Mariaframstillingane ein kjende frå mellomalderen.

- Kristoffer Foldøy

# ANDAKT

## ved Inge Sørheim



I denne fagre sumarstid

I denne fagre sumarstid  
gå ut, mi sjel, og gled deg i  
vår Herres store under!

Sjå hagen prydd med blomeseng,  
sjå garden med si grøne eng,  
og skog med li og lundar!

Sjå, kvar ei grein av lauv er full,  
og moldi pryder seg i gull  
og fargar utan like!

Sjå liljer, roser, blad og blom  
ber større bragd og herlegdom  
enn Salomo den rike.

Høyr, lerka tirlar høgt i sky,  
og staren byggjer reir på ny,  
med gauken gjel i lundar.  
Småfuglar syng i skogen sval,  
og songen fyller fjell og dal  
i stille morgonstunder.

Sjå, åkren veks seg stor og tung  
til fryd for gamal og for ung,  
som om Guds godleik kveder.  
Han pryder vent den vide jord,  
han gåver gjev på kvar manns bord  
og alt som hjarta gleder.

Då tenkjer eg: Er du så stor,  
du venleik her på falne jord,  
for syndarar å finna,  
kor stor skal gleda verta då  
når vi den herlegdom får sjå  
som vi hjå Gud skal vinna!

Ja, var eg der og stod eg nær  
ved trona di, min Herre kjær,  
og bar eg mine palmar!  
Eg ville då på englevis  
deg syngja evig lov og pris  
med tusen fagre salmar.

T: Paul Gerhardt 1653  
O: Bernt Steylen 1923

På 1600-talet skrev den tyske salmediktaren Paul Gerhardt salmen "I denne fagre sumarstid". Dette er ein salme som lovprisar Gud for sommaren og for skaparverket. Salmen er typisk for barokktida, med store og svulstige ord og bilet, men og med ein næreleik til naturen som vi ikkje pregar oss i så stor grad. I Norge skrev Petter Dass til dømes "Herre, Gud ditt dyre namn og ære", liknar litt på Paul Gerhardt sin salme når det gjeld språklege bilet og med dette tidsstypiske synet på naturen:

Ja, før Gud sin ære skal forlise,  
før skal hav og grummen hval ham prise,  
samt og tanteien  
som løper leien,  
stenbit og seien  
og torsk og skreien og nise.

Gud er nær skaparverket sitt. Ja, for alle truande er det mogleg å erkjenne Gud over alt i skaparverket. Trua handlar om å erkjenne at vi er syndige menneske, som gjennom tru åleine kan møte den treeinige Gud i frelse. I tru vil vi lovprise Gud, og i tru kan vi sjå spor av Gud over alt.

Barokktida si tenking var prega av dramatikk og stordom, og Gud vart også framstilt på denne måten. Paul Gerhardt tenkte seg at sommaren med all sin prakt, er eit bilet på noko som er enno større, nemlig han som skapte alt dette. Når Gud kunne skape noko så flott på denne jorda, som elles er prega av det forgjengelige og ufullkomne, då må Gud vere enormt stor, ja så stor at det knapt er mogleg å førestille seg det.

Så er sommaren eit bilet på det som skal koma, på himmelen, der Gud for alltid vil være nær sine skapningar. Der kan skapningane hans i all æve lovsynge Gud.

Ti for Gud skal alle kne seg bøye,  
de som bor i himlene hin høye,  
og de på jorden  
i sør og norden,  
samt djevlars orden  
som dømt er vorden til møyte.

Og vi kan glede oss over at vi også denne sommaren kan bøye oss for Skaparen vår og lovsynge Han framfor trona hans, slik salmediktarane i barokken gjorde det. Slå gjerne opp og les Salme 104 i Bibelen for å fortsette lovprisinga av Gud og hans stordom.

# I ARBEID FOR DEI FATTIGE



**Ingeborg Klepsvik Sætersdal heiter ei ung jente som har gjort alvor av noko mange oss nok tenkjer på frå tid til annan, men som eit fåtal set ut i livet. Ho bruker nokre månadar av livet sitt no til å hjelpa menneske i naud.**

**Tekst: Kristoffer Foldøy**

Etter to i Frankrike med språkkurs fekk Ingeborg lyst til å læra seg spansk. Då ho fann ut at Misjonsalliansen søkte frivillige (volontørar) til hjelpearbeidet sitt i Ecuador, Sør Amerika, greip ho sjansen. I det spansktalande landet var det også skuletilbod for utlendingar i området ho skulle opphalda seg. Ingeborg har familien sin i Sandalen på Hamre, og sjølv om ho har skulegang og utdanning frå andre stader, er det her ho har heimen sin. Ho har arbeidd som vikar både i østerøy-skulen og på Osterøy-tunet for å samla seg midlar til vidare studiar.

No bur ho i Ecuador sin største by Guayaquil som har 3,5 millionar innbyggjarar, i Casa Allianza, som er eit gjestehus misjonsalliansen driv. Ingeborg bur på firemanns rom og det er 12 jenter som deler to bad. Men det går overraskande bra, forsikrar den blide jenta.

Fattigdomen i området er stor, spesielt i slummen nord for byen. Her bur det om lag 350 000 menneske, og dei har mellom 2,50 og 5 kroner å leva for pr.dag. Det er her Ingeborg har arbeidet sitt. Ho arbeider som hjelpelærar for dei aller minste borna på ein skule finansiert av Misjonsalliansen. Skulen har tre hundre elevar. Ungane er svært kontaktsøkjande og kjærlege, fortel Ingeborg. Ho kjende seg fort sterkt knytta til dei. Det viktigaste er å visa nestekjærleik til små menneske som tidlegare ikkje har fått omsorg. Det vert så ulikt frå slik vi har det heime, eit heilt anna perspektiv å måle det meste ut frå.

Vi kan ta eksempel i sko vi brukar, seier Ingeborg. Heime har vi fleire par. Nokre til fest, andre til kvardags. Vi har joggesko og sandalar. Her er det ganske annleis, dei fleste har berre eit par simple sandalar av därleg kvalitet. Eg har meir enn ein gong prøvd å reparera sandalar til ungar som er livredder for at det einaste skoparet dei eig er øydelagt.

Trass i fattigdommen viser borna glede over små ting. Det kan vera enkle songleikar med bevegelse til, slike som "Boogie, boogie" og "Hode, skulder, kne og tå", som begge er blitt store slagrarar her nede.

Fritida nyttar Ingeborg til turar ned til kysten og til fjellområdet omkring. Det kan vera ganske varmt og klamt no, med 40 grader innimellom. Mygg er der også. Det kjekkaste ho gjer på fritida er å syngja i koret "Guayaquil symfonica" som er eit godt kor med mange kjekke menneske.

Ho er også blitt kjent med fastbuande ungdomar i området som dei er litt saman med på kveldstid. Det er opne menneske som gjerne vil bli kjende med europearane.

Sjølv om me gjerne får meir enn ønskjeleg merksemd frå gutane, er jentene også lette og koma inn på, fortel Ingeborg. Det går an å få seg jentevenner her og. Det er eit ope og ærleg folk som ein lett vert glad i, seier ho.

Før ho drog dit var Ingeborg sitt hovudmål å læra seg spansk. No føler ho at lærdomen har blitt meir omfattande. Ho har lært ein kultur og eit folk i ein framand verdsdel å kjenna også.

Dessutan ser ho at hjelpa når fram. Ei hjelp som gagnar mange.



## FAKTA OM ECUADOR

**Offisielle språk:** Spansk

**Hovedstad:** Quito

**Styreform:** Demokratisk republikk

**Areal:** 283 560 KM<sup>2</sup>

**Befolking:** 13, 5 millionar

**Høgaste fjell:** Chimborazo 6310 m.



*Misjonsalliansen, som Ingeborg arbeider for, er ein frittståande diakonal misjonsorganisasjon som driv arbeid mellom fattige og marginaliserte menneske i Asia og Sør - Amerika. Volontørane får ikkje løn for arbeidet sitt. Her ser vi Ingeborg i raud t-skjorte i midten, saman med Maria Mykletun frå Sandnes og alle lærarane på skulen. Dei 300 elevane er ifrå førskulealder og opp til 11-års alderen.*



# MENS VI VENTER...



Ganske lenge har noen tanker ligget og kvernet rundt opp i min stakkars hjerne, uten at jeg helt har klart å få tankene omgjort til ord. Omsider er jeg kommet så langt at jeg vil prøve å få dem festet til papiret. Egentlig er tankene jeg strever med, i alle fall for meg, så viktige at jeg føler behov for å dele dem med andre, eller i alle fall få skrevet dem ut av hodet mitt, slik at hjernen får plass til også andre tanker.

Jeg tenker på at hele livet består i å vente. Hva venter vi på? Da vi var barn begynte vi, med en gang julen var over, å vente på den neste julen. Vi syntes tiden mellom julene var uendelig lang. I dag, som voksne, synes vi at tiden mellom julene går så alt for fort.

I dag er det andre vente-episoder som er til irritasjon. Uansett hva du skal, må du bestille time eller trekke kø-lapp. Har man fått time hos legen og møter opp til avtalt tid, er venterommet fullt av "hypokondre". Det er jo bare en selv som er "ordentlig" syk. Inn til legen kom-

mer jeg først lenge etter avtalt tid, og kommer du inn på apoteket med resepten i ene hånden og kólappen i den andre, går det uendelig lenge før det endelig blir min tur. Det virker som apotekpersonalet beveger seg i langsom film.

No nærmer vi oss det som egentlig er essensen i tankene mine. Livet vårt her på jorden er egentlig et venteværelse. Hva venter vi på? Jo den store uavvendelige finalen, døden! Fra det øyeblinket vi blir født begynner vi uavvendelig på veien mot døden. Ingen vet hvor lang den blir. Som helt ung vet vi det ikke. Vi har aldri hørt om noe som heter død, hvis vi ikke tidlig får den tett inn på oss gjennom at nære pårørende faller bort, men likevel gjelder det ikke meg, jeg skal jo leve evig. Senere i livet når realitetene trenger seg på kommer panikken. Da blir vi presset ut av den sløvende tryggheten vi har lullet oss inn i. Da gjør vi alt vi kan for å få muligheter til å klamre oss fast noen ekstra år her i "jammerdalen". Hvorfor? Vi leser at vitenskapen bruker enorme resurser for å finne

årsaken til at vi aldres og til slutt dør. Genteknologien har kommet så langt at om kort tid kan mennesker leve i flere hundre år. Det forskes i alle slags medisiner for å utrydde alle slags sykdommer. Det utføres flere og flere ressurskrevende operasjoner og transplantasjoner, så litt etter litt er vi mennesker blitt "reservedelsmennesker". Alt dette på grunn av dødsangsten.

Hvorfor er vi egentlig så redd for døden? Er det fordi døden er slutt på alt? Er det fordi at etter døden venter evig mørke? Hvorfor kan ikke vi mennesker heller tenke på at det er etter døden det egentlige livet begynner, det evige liv, men veien dit går kun gjennom troen på Jesus Kristus, og det er vanskelig for de fleste å få seg til å tro. At han levde her på jorden tror de fleste på. Det er nemlig vel dokumentert, men at han var Guds sønn og oppsto fra de døde, der ligger vanskene for å tro. Det som er litt merkelig er at i Bibelen fins det øyevitner, ikke hvem som helst, men faktisk en som hadde det like vanskelig for å tro som oss. Jeg

tenker på apostelen Thomas. Da de andre apostlene fortalte at de hadde møtt Jesus etter oppstandelsen, uten at Thomas var tilstede sa han at han måtte få stikke fingrene i Jesu sår og naglemerker før han var villig til å tro. Som den allvitende Guds sønn visste Jesus dette. For virkelig å gjøre det lettere for oss i vår tid å kunne tro, dukket han opp foran Thomas, strakte fram hendene og lot ham få se og berøre sårene, hvorved han måtte bøye seg og tro han og. Min Herre og Mester, utbrøt han. Ikke for ingenting har han fått tilnavnet *tvileren* Thomas. Trenger vi egentlig flere beviser på at det som står i Bibelen er sant?

Helt fra tidenes morgen har vi mennesker trodd at det finnes en guddom. I alle tidsepoker og i alle kulturer har der vært gudsdyrkning. Alle har hatt en lengsel og erkjennelse om at det finnes en kraft større enn oss selv. På det punktet har jo tankene vårt riktig, selv om alle de gudene som har vært tilbedt ikke har vært de riktige. I dag har selv en stor del av vitenskapen erkjent at der må finnes en skaper. Saken er nemlig den at intet kan oppstå av intet. Selv om mange snakker om The big Bang, det store smellet, som opphavet til vårt univers, så må det jo ha vært en som trykket på avtrekkeren.

Den store danske filosofen Søren Kierkegaard sa en gang:


### **Det er bedre å tro og ta feil, enn å ikke tro og ta feil!**

Tygg på den dere som leser disse tankene mine, og takk for at jeg får dele dem med noen. Selv om jeg nyter tilværelsen her på ”venteværelset” og ikke har noen umiddelbare planer om å forlate det, så er jeg likevel beredt på å ta i vei inn i en ny tilværelse uten dødsangst. Tankene mine går heller i litt andre baner. Jeg er nysgjerrig og spent på hvordan den nye tilværelsen vil bli.

Ha en god sommer !!

Med ydmyk hilsen

Einar Johnny Selvik



**FJON FJELLKYRKJE**

**TIRSDAG 29.JULI**

**KL.19.00**

- GUDSTENESTE
- SERVERING AV RØMMEGRAUT/KAFFIMAT(kr.80,- Famile kr 200,-)
- PROGRAM
- LYNUTLODNING
- BÅLBRENNING

Velkommen til sosialt samvær.

Sjå også heimesida vår:

[www.fjonfjellkyrkje.com](http://www.fjonfjellkyrkje.com)

Arr: Sandnes og Solheim Sokneråd/Styret for  
Fjon Fjellkyrje

## KONFIRMANTAR I BRUVIK



1. rekkje frå v: Karoline Lilleheil Ommedal, prostiprest Børge Ryland, Aina Berentsen Vassdal

2. rekkje frå v: Jørgen Skaftun, Lars Fjeldstad, Stian Hekland Mjelde, Michael Kåre Vikne, Asbjørn Bruvik, Phillip Evanger.

Fotograf: Rune Solberg

## KONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rekkje frå v: Aud-Marit Rundhovde Hanstvedt, Marielle Kallekleiv, sokneprest Inge Sørheim, Trine Rongved, Amalie Rongved Hanstvedt

2. rekkje frå v: Steffen Johan Olaussen Hanstvedt, Heidi Irene Stokken, Adela Tysse Villegas, Karolone Sofie Hanstvedt, Tanita Gjerstad Hagebø, Malin Therese Dalseide Vedå, Bjørn Erik Mathisen, Joar Vik Birkeliid

3. rekkje frå v: Ruben Nielsen, Ole Henrik Hopdal Gjerstad, Sondre Mandelid Kleppe, Jørgen Zachariassen Fjærstad, Glenn Lone Fotland, Mats Kleppe, Simen Hoshovde Matre

4. rekkje frå v: Jon Carlos Mjøs, Anders Aakre Svensson, Remi Aasheim, Sindre Nordås Fotland, Marius Veland Merkesvik, John Erik Tvedt Lavik, Erlend Greve Risholm, Sebastian Bjørnsønn Ludvigsen

Fotograf Rune Solberg

## KONFIRMANTAR I HAUS




1. rekke frå v: Randi Rolland, prostiprest Børge Ryland, Helen Stokke

2. rekke frå v: Camilla Hernar, Ida Marie Midttun, Lisa-Marie Gundersen, Susanne Mjelde, Arlen Stokke

3. rekke frå v: Kenneth André Vatle, Rikard Nessestrand Mjøs, Frode Stokke, Per-Øystein Zachariassen, Simon Myking Kveen, Stephan Vik

Fotograf Rune Solberg

## KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rekke frå v: Hanne Charlotte Haugland, Christine Klallekleiv Nilsen, sokneprest Inge Sørheim, Kari Marie Børtevit, Kristin Rognaldsen Hustrulid, Marina Skrolsvik Børtevit

2. rekke frå v: Stian Melchersen Presttun, Emil André Øksnes, Kenneth Vasquez, Ranghild Hoel Århus, Hilde Hustrulid, Sandra Cathrin Røskeland, Siren Skår, Ingemar Olsen, Krister Losnegård Worren, Ola Braathen Reigstad, Kim Birkeland Tvedt

3. rekke frå v: Even Tepstad, Kjartan Tvedt, Håvard Skaar Hernes, Ole-Rasmus Uthaug Sørås, Kim André Forthun, Sindre Eidsheim Raknes, Remi Thorell Angelskår Eikeland, Ørjan Myrtvedt Kallekleiv, Martin Vedå Skår, Asbjørn Tøsse Vestheim

Fotograf Rune Solberg

## KONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rekkje frå v: Robin Tysse, Adrian Saxstad Larsen, Kim Hundhammer Kaland, Kjetil Solberg, Simen Mjelde Solberg, Markus Johan Vevle, Morten Gjerstad, Hogne Mitbø Vevle, Atle Norpoll Tysse

2. rekkje frå v: Anja Rongve, Kristine Lone Kallekleiv, Stine Agnete Solberg, Kamilla Espovoll Vevle, Stine Lone Hatland, Elisabeth Vevle, Astri Rød, Sara Vevle Laastad, Dorthe Neu Hatland, Marte Vevle

3. rekkje frå v: Tonje Horrn Kolbjørnsen, Hilde Solberg Monsen, Synnøve Løtveit Lone, Kanny-Marie Mobakken, Åshild Fle-sland, Renate Gjøstein Fossdal, Laila Marlen Fossbakken, Silje Tyssebotn Nesthus, Iselin Ahmer Solberg, Ida Johanne Hauge, Marie Myking

4. rekkje: Charlotte Hansen, Maria Dyvik, Linn Skjerping, (prest Børge Ryland) Anna Borge Solberg, Sunniva Nesthus, Borghild Andersdotter Vevle

Foto: Fotograf Storebø

### ***Minneord om Berith Karin Mjelde***


Ei kjær venninne døde 17.mai. Eg fekk fylgja henne til grava på  
kyrkjegården ved Haus kyrkje.

I tanke, ord og musikk fekk eg vera med henne. Ei vakker stund ved  
fjorden der me ein gong møtest att.

Velsigna vere ditt minne, Berith.

- Brita Rivenes  
Haus, den 27.mai 2008

# VANDRING GJENNOM BIBELEN



Bli med på en  
**VANDRING  
GJENNOM  
BIBELEN!**

- fremjar bibelglede
- aukar bibelkunnskap

**Kurs i Haus kyrkjelydshus fredag 19.sept. 18.00-21.30 og laurdag 20 sept. 10.00-14.00**

Kurshaldar: Hilde Sæbø Fjeldstad frå Bibelselskapet.

Få oversikt over dei store linjene i GT, og opplev Bibelen som ei spennande og aktuell bok! Kurset er ei faktaorientert grunnopplæring i Bibelen der deltakarane følgjer hovudlinjene på ein morosam og aktiv måte. Mange har blitt nysgjerrige på å lesa meir i Bibelen etter eit slikt kurs.

## Korleis er det lagt opp?

Med spenstige byks og ”åndelige sjumils-støvler” drar vi gjennom det bibelske landskap. Ved hjelp av bevegelsar og ”huskeord” får ein oversikt over geografi, persongalleri og kronologi frå skapinga i 1. Mosebok og fram til Jesu fødsel.

## Vandring gjennom Bibelen

### 1. Det gamle testamentet

Kurset viser viktige delar av den bibelske historia:

- Begynnelsen - med skapinga og fallet
- Forteljinga om Abraham og hans ætt
- Frigjøringa frå slaveriet i Egypt, og vandringa i ørkenen
- Erobringa av det lova landet - dommarane
- Kongane i det samla riket
- Delinga av Israel og Juda, profetane sine bodskap

- Bortføring ved assyraane
- Eksil i Babylonia
- Tilbakevending og gjen -oppbygging

Sagt av deltakarar: ”Jeg opplever opplegget ”Vandring gjennom Bibelen” som spennende, utfordrende, variert og underholdende - og utrolig lærerikt.”

”Tenk at en på så morsom og lekende lett kan få god oversikt over og forståelse for Bibelhistorien.”

Kurset er ope for alle i alderen frå konfirmasjon og oppover til dei gråe hår og som har lyst å tileigna seg meir bibelkunnskap på ein ny og annleis måte. Vi håpar at det er mange som har lyst å vera med oss på desse to kursdagane som går over ein fredag kveld og laurdag formiddag. Det vil og bli enkel servering. Kurset kostar kr. 200.- pr. deltakar.

**Påmelding til Osterøy kyrkjekontor innan fredag 20.august.**

Tlf: 56 19 22 80

E-post adresse: [kyrkje@osteroy.kommune.no](mailto:kyrkje@osteroy.kommune.no)

Arr: Sokneråda på Osterøy og Osterøy søndagsskulelag.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy prestegjeld

## JUNI

### 3. s. e. pinse, 1. juni 2008: \* 1 Kor 1,26-31; 5 Mos 7,6-8; Luk 19,1-10

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Osterøy kyrkjekor.  
Takkoffer til LMF - Lærerinnenes  
misjonsforbund - i høve jubileum.

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Ryland.

### 4. s. e. pinse, 8. juni 2008: Luk 15,11-32; Jes 65,1-2; 1 Pet 5,5b-11

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Takkoffer til Amathea, rådgivnings  
tjeneste for gravide.

### 5. s. e. pinse, 15. juni 2008: Joh 8,2-11; Sak 7,8-12a; Rom 2,1-4

**Haus kl. 11:** Gudsteneste. Melve. Dåp. Grilling i  
prestegardshagen etterpå.

**Gjerstad kl. 17:** Familiegudsteneste. Melve.  
Takkoffer til Institutt for kristen  
oppstilling. Utdeling til 6-åringane.  
Kyrkjekaffi.

### 6. s. e. pinse (Aposteldagen), 22. juni 2008: Matt 16,13-20; Jer 1,4-10; 1 Pet 2,4-10

**Bruvik kl. 11:** Høgmesse. Melve. Sørheim. Besøk  
frå Vaksdal. Kyrkjekaffi.

### 7. s. e. pinse, 29. juni 2008: \* T 1 Tess 4,2-9; Jos 24,19-24; Matt 16,24-27

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Kyrkjekaffi på Mjøsvågen kafé.

## JULI

### 8. s. e. pinse, 6. juli 2008: Matt 10,28-31; Jes 49,13-16; 2 Tess 3,6-12

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

### 9. s. e. pinse, 13. juli 2008: Matt 7,21-29; Jer 23,16-24; 1 Joh 4,1-6

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Takkoffer til NMS.

### 10. s. e. pinse, 20. juli 2008: Luk 12,42-48; Jes 10,1-3; Apg 20,17-24

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy

### 11. s. e. pinse, 27. juli 2008: Joh 6,66-69; Jes 5,1-7; Rom 11,25-32

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Kyrkjekaffi på Mjøsvågen kafé.

### Olavsdagen (Olsok), 29. juli 2008: Matt 20,25-28; Esek 18,29-32; Ef 4,17-21

**Gjerstad kl. 19:** Olsokgudsteneste. Melve.

## AUGUST

### 12. s. e. pinse, 3. august 2008: Matt 21,28-31; Sal 32,1-5; 1 Joh 1,8-2,2

**Geitnipa kl. 12:** Friluftsgudsteneste. Melve.

**Bruvik kl. 19:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Takkoffer til Kirkens SOS.

### 13. s. e. pinse, 10. august 2008: \* Sal 40,2-6; Jak 3,8-12; Matt 12,33-37

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Vikarprest  
Per-Arne Mehren.

### 14. s. e. pinse, 17. august 2008: Matt 5,43-48; 5 Mos 10,17-21; Rom 13,8-10

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Takkoffer til IKO.

### 15. s. e. pinse, 24. august 2008: Joh 5,1-15; Sal 103,1-6; Ef 5,15-20

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Vikarprest.  
**Kossdalen kl. 12:** Friluftsgudsteneste. Sørheim.

## **OKTOBER**

**16. s. e. pinse, 31. august 2008: \* T Matt 6,19-24; 5 Mos 4,29-31; Fil 4,10-13**

**Osterøyhallen kl. 11:** Gudsteneste i høve Jesusfestivalen.

**Haus kl. 19:** Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## **SEPTEMBER**

**17. s. e. pinse, 7. september 2008: Luk 7,11-17; Job 19,25-27; Rom 8,18-23**

**Bruvik kl. 11:** Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Sørheim.

**Gjerstad kl. 19:** Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.

**18. s. e. pinse, 14. september 2008: Joh 8,31-36; Jer 6,16-20; Gal 5,1-6**

**Hamre kl. 11:** Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Osterøy kyrkjekor.

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Takkoffer til Osterøy Sundagsskulelag

**Hosanger kl. 19:** Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.

**19. s. e. pinse, 21. september 2008: \* 2 Mos 20,1-8 .12-17; Fil 1,20-26; Mark 10,17-27**

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Markering av MF-jubileum. Torleif Austad preiker.

**20. s. e. pinse, 28. september 2008: Joh 9,1-7.35b-38; 1 Mos 9,8[9-11]12-17; Hebr 11,1-4.7-10**

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til NLA.

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Sørheim.

**21. s. e. pinse, 5. oktober 2008: Mark 10,13-16; 1 Mos 2,18-24; Ef 5,25-32**

**Hamre kl. 11:** Familiegudsteneste. Sørheim. 4-årsbok.

**Hosanger kl. 17:** Familiegudsteneste. Sørheim. 4-årsbok.

**22. s. e. pinse, 12. oktober 2008: \* T Sal 19,2-7; Rom 8,31-39; Matt 11,25-30**

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar.

**23. s. e. pinse, 19. oktober 2008: Matt 18,15-20; Esek 33,7-11; Ef 4,30-32**

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 60+ - dag.

**Bruvik kl. 17:** Familiegudsteneste.

**Bots- og bededag, 26. oktober 2008: Luk 13,23-30; Jes 55,6-7; Gal 6,7-10**

**Gjerstad kl. 11:** Gudsteneste. Helgatun. Gudsteneste i høve konfirmantweekend.

**50 - årskonfirmantane vert inviterte til  
desse  
gudstenestene:**

**Hosanger - 7. september kl. 11**

**Haus - 14. september kl. 11**

**Hamre - 28. september kl. 11**

**Gjerstad - 12. oktober kl. 11**

**Bruvik - 9. november kl. 11**

## KONSERT MED SUS I HAMRE KYRKJE



**29. august 2008 kl. 19.30** arrangerer gruppa SUS konsert i Hamre kyrkje. Konserten er kalla "Lei oss over stjernebru" og er ei samling religiøse folketonar presentert vokalt akkompagnert av trekkspel, hardingfele og div. fløyter.

SUS er ei gruppe musikarar som har jobba saman musikalsk i ymse samanhengar, men først det siste året (2007) har etablert seg som ei sjølvstendig gruppe med utarbeidning av eit eige konsertprogram. Konserten er sett saman av religiøse folketonar frå ulike stader i landet, t.d. nokre frå Nordhordland og kystdistrikta på Vestlandet. På programmet står også nokre danseslåttar som høver inn i stemninga. Sus ønskjer at konserten skal bidra til ro og ettertanke, at musikken kan knyta band til dei musikalske

røtene våre. Med utgangspunkt i det tradisjonelle presenterer dei folketonane utan for mykje "staffasje", men med sin eigen vri.

### MUSIKARANE I SUS ER:

#### *Eirin B. Åserud – vokal*

Eirin Åserud er utdanna lærar med mellomfag i musikk frå Bergen lærarhøgskule. Song er hovudinstrumentet hennar, og ho har lang og allsidig bakgrunn både i kor (m.a. Voci Nobili) og som solist. Eirin er busett i Meland Kommune, arbeider til dagleg som lærar på Hordvik skule og studerer "Kirkelig Barnekorledelse" på deltid ved Musikkhøgskulen(i samarbeid med Ung Kirkesang) i Oslo. Eirin har også bygd opp eit nytt barne- og

ungdomskontori i Meland, Octavia. Dette koret har allereie nådd svært langt. Ho har også grunnlagt Maria Barnekantori i Bergen, knytt til Mariakirken.

### **Eva Marie Toppe – vokal, hardingfele**

Eva Marie Toppe har mellomfag i musikk frå Bergen Lærarhøgskule og studerer for tida musikkterapi ved Grieg-akademiet. Ho er busett i Bergen Kommune, Åsane, der ho driv gard og gartneri saman med familien.. Hardingfele er hovudinstrumentet til Eva Marie, men også folkesong/kveding. Eva Marie har delteke på ei rekkje med kurs som instruktør, og har undervist born både i hardingfelespel og song. Det siste året har Eva Marie hatt 20 skulekonsertar i Bergen og omegn med folketonar, og ho reiser også rundt med eit konsertopplegg til aldersheimar i regi av Folkeakademiet.

### **Dag Olav Larsen – div. fløyter**

Dag Olav Larsen er lektor og underviser ungdomar ved St. Paul skule i Bergen. Han er ekte bygut med diverse fløyter som følgjesveinar i livet. Dag Olav er kjent så vel i det Bergenske musikklivet som i resten av landet. Han har vore aktiv utøvar i snart 30 år innafor dei fleste sjangrar: latinamerikansk, klassisk, vise, middelalder – det meste. Han har også vore med på innspeling av filmmusikk og fleire cd-innspelingar, nemner her: "Musikkeventyr" av Anne Regine Kayser og "Rino og den magiske fløyten" saman med m.a. Iver Kolve og Gabriel Fliflet.

### **Haakon Gunnar Aase – trekkspel**

Haakon Aase er busett i Meland kommune og har spela trekkspel sidan han var 14 år. Musikalsk har Haakon vore med på det meste frå låvedans til kyrkjespel. Han har turnert med visesongaren Johannes Kleppvik, han spelar jazz og klassiske stykke og akkompagnerer like gjerne amatør som profesjonell. Folkemusikk står kanskje Haakon sitt hjarte nærest, og han har m.a. jobba mykje med å overføre hardingfelestoff til trekkspellet.

Til dagleg arbeider Haakon med gråstein, restaurerer gamle tørrmurar og byggjer nye.

Konserten i Hamre Kyrkje går inn i ein turneplan for vår/sommar/haust 2008. SUS vil vitja kyrkjer i Bergen, Nordhordland, Voss, Hardanger, Sunnfjord og Nordfjord.

Vel møtt til konsert i Hamre Kyrkje!

- Kristine Fluge  
arrangør SUS

## **Slekters gang**

### **HAUS**

#### **Døypte:**

01.05.08 Melina Mei Skaftun

#### **Gravlagde:**

21.05.08 Ruth Marie Sørensen (f.1928)

Solheim Kapell

23.05.08 Berit Karin Mjelde (f.1932)

### **GJERSTAD**

#### **Døypte:**

13.04. Vegard Fosse

13.04. Linnea Jørgensen

03.05. Sebastian Solberg Flatås

17.05. Simen Keseraas Myking

#### **Vigde:**

24.05.08 Wenche Solberg og Tor-Arne Hell

#### **Gravlagde:**

09.05. Olav Solberg (f.1936)

14.05. Ragnar Erling Lohne (f.1930)

27.05. Sjur S Lone (f.1920)

04.06. Else Birgitte Dale (f.1917)

05.06. Bjarne Birkeland (f.1914)

06.06. Magnar Presttun (f.1937)

### **HOSANGER**

#### **Døypte:**

01.05.08 Allesandro Fjellskål Mancini

#### **Gravlagde:**

15.04. Reidun Alise Hoshovde (f.1938)

02.05. Anna Hanstveit (f.1918)

10.06. Ruth Øvsthus (f.1918)

### **BRUVIK**

#### **Døypte:**

24.03. Victoria Høylo Hanstvedt

#### **Vigde:**

03.05. Ann-Kristin Brudvik og Njål Erling Helle

### **HAMRE**

#### **Døypte:**

06.04. Marius Indahl Daltveit

06.04. Selma Håland

01.05. Johannes Raknes (Åsane kirke)

04.05. Maja Marie Lundgren Aasheim

17.05. Emil Ytrestøl Vedå

#### **Vigde:**

10.05. Maria Smith og Øystein Hagen Dommarsnes

# MENIGHETSFAKULTETET 100 ÅR

I haust kan Det teologiske menighetsfakultet (MF) feira 100 år. Jubileet vert feira i Oslo 11. og 12. oktober. MF var starta som protest mot den liberale teologien på Universitetet. Dei fyrste åra var det fåe studentar, men etter 20 år var MF det største fakultetet. Mange av prestane på Osterøy har fått si utdanning her.

Sundag 21.september kjem professor Torleiv Austad til Gjerstad i høve jubileet. Han er no pensjonist, men var i mange år professor i systematisk teologi ( truslære ) på MF. Han vert òg med på eldredagen i Gjerstad der han vil fortelja frå kyrkjekampen under krigen. Dette er emne han har stor kunnskap om.

- Johannes Melve


Frist for innsending av stoff til neste nummer:

01.09.08

Send gjerne på e-post: [kristofferfo@gmail.com](mailto:kristofferfo@gmail.com)

eller send til:

Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.



*Professor Torleiv Austad*

*Foto: MF*

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## REDAKTØRANSVAR

Redaktøren av "Kyrkjehelsing" kjener sjølvsagt på ansvaret for å gje ut dei nummer av bladet slik avtalen er, og ansvaret for å fylla kyrkjebladet med meiningsfullt innhald. Då er det interessant å sjå kva redaktørar av tidlegare kyrkjeblad har teke ansvaret for. I kyrkjebladet for Hamre og Åsane, "Heim og kyrkja" i 1948 står det å lesa i ein liten notis nederst på ei side:

*Er det nokon som vil ta til seg ei 5 år gammal smågjente og gjeva henne ein god heim? Ein vender seg til redaktøren.*

Dette 60 år gamle notatet kan få oss til å stilla mange spørsmål. Var det inga nemnd eller noko barnevern som blei kopla inn den gongen? Var det verkeleg heilt fram til etter krigen, kyrkja sitt ansvar å finna heimar til born som måtte ha ein ny?

Vi får vona at den fem år gamle jenta fekk ein trygg og god barndom. Dagens redaktør er nøgd med å stella med det redaksjonelle og vil ønskja lesarane ein god sommar!

For dei som vil støtta "Kyrkjehelsing" med ei gáve, er kontoen:

"Kyrkjehelsing", 5282 Lonevåg  
Kontonummer 0530 35 86484